



Arkivsak

26/10343-1

Sakshandsamar

Linn Therese Jacobsen Bergheim

Saksgang

Fylkeskommunalt eldreråd

Fylkeskommunalt råd for personer med
funksjonsnedsettelse

Telemark ungdomsråd

Hovedutvalg for utdanning, folkehelse
og tannhelse

Fylkesutvalg

Fylkestinget

Møtedato

19.05.2026

20.05.2026

22.05.2026

27.05.2026

10.06.2026

18.06.2026

Rapportering på partnerskap med frivillige organisasjoner på folkehelsefeltet

Innstilling frå fylkesdirektøren

Saka blir teken til orientering.

Bakgrunn og saksgang

Saka blir lagt fram som ei orienteringssak og gir ei samla oppsummering av erfaringane frå det første året av partnerskapet med regionale frivillige organisasjonar på folkehelsefeltet i perioden 2025–2028. Den vedlagde rapporten skildrar samtidig kva fundament som er etablert som grunnlag for vidare utvikling av partnerskapet.

Saka blir send til uttale til Fylkeskommunalt eldreråd, Fylkeskommunalt råd for personar med funksjonsnedsetjing, Telemark ungdomsråd, og dessutan Hovudutval for utdanning, folkehelse og tannhelse. Fylkesutvalet gjer innstilling i saka og vedtak fattast i Fylkestinget.

Saksopplysningar

Fylkestinget i Telemark vedtok i sak 150/24 «Tildeling av partnerskapsavtaler med frivillige organisasjoner på folkehelsefeltet for perioden 2025-2028» å inngå fireårige partnerskapsavtalar på folkehelsefeltet med seks regionale frivillige organisasjonar for perioden 2025–2028. Formålet med partnerskapet er å redusere sosial ulikskap og styrkje innsatsen for eit varmare og meir inkluderande Telemark.

Tabellen nedanfor viser kven partnerskapsavtalane er inngått med, samt storleiken på innvilga tilskot:

Organisasjon	2025	2026	2027	2028	Totalt
DNT Telemark	340 000	340 000	340 000 ^{1*}	340 000*	1 360 000*
Der du bur	340 000	340 000	340 000 ^{1*}	340 000*	1 360 000*
Kirkens SOS Telemark	300 000	300 000	300 000 ^{1*}	300 000*	1 200 000*
Telemark Bedriftsidrettskrets	340 000	340 000	340 000 ^{1*}	340 000*	1 360 000*
Telemark Røde Kors	340 000	340 000	340 000 ^{1*}	340 000*	1 360 000*
Vestfold og Telemark idrettskrins	340 000	340 000	340 000 ^{1*}	340 000*	1 360 000*

¹ *Tildelinger for årene 2027-2028 gis med forbehold om fylkestingets årlige bevilgninger innenfor budsjettet til Folkehelse.

Partnerskapet er i tråd med den reviderte folkehelselova, som tredd i kraft 1. januar 2026. Lovendringa løftar fram frivillig sektor si eigenverd og understrekar behovet for meir systematisk og formalisert samarbeid mellom offentlig sektor og sivilsamfunnet. Arbeidet er òg i samsvar med nasjonale føringar og strategiar, mellom anna «Alle inkludert!» og stortingsmeldinga *Tro på framtida – uansett bakgrunn*.

Partnerskapet støttar særleg opp under Telemarksplanen si langsiktige satsingsområde «*Inkluderande Telemark*», der målet er å gi alle innbyggjarar betre moglegheiter til deltaking i samfunns- og fellesskapsliv, uavhengig av bakgrunn, økonomi, funksjonsevne eller livssituasjon. Frivillig sektor spelar ei sentral rolle i dette arbeidet.

Dei frivillige partnerskapsorganisasjonane er viktige samfunnsaktørar som bidreg til å skape møteplassar, tilhøyrse, aktivitet, meistring og støtte i kvardagen. Organisasjonane når grupper og enkeltpersonar som det offentlege ikkje alltid når like godt åleine, og dei gjer dette med høg grad av tillit, lokal forankring og fleksibilitet. Eit strukturert og langsiktig samarbeid med frivillig sektor er derfor avgjerande for å lykkast i arbeidet med å redusere sosial ulikskap og styrkje folkehelsa i Telemark.

Viktige pilarar i samarbeidet

- **Sosial utjamning gjennom lågterskeltilbod:** Organisasjonane tilbyr aktivitetar som i stor grad er gratis eller rimelege, noko som effektivt byggjer ned økonomiske og sosiale barrierar for deltaking.
- **Relasjonsbygging og tryggleik:** Rapporteringa viser at det ikkje berre er sjølv aktiviteten som skapar verdi, men dei sosiale møteplassane, dei trygge rammene og opplevinga av tilhøyrse.

- **Samarbeid og utvikling:** I løpet av 2025 er det gjennomført fire fysiske nettverkssamlingar, i tillegg til besøksrunde med fylkesordførar hos alle partnerorganisasjonane. Partnerskapsorganisasjonane har også delteke på fleire regionale folkehelsenettverk. Dette har bidrege til å byggje gode relasjonar, gjensidig tillit og eit felles kunnskapsgrunnlag. Fleire av organisasjonane har òg i 2025 delteke i evalueringskurset «Evalueringsløftet», med mål om å styrkje evna til å dokumentere sosial verdi og læring i eigne satsingar og prosjekt.
- **Psykisk helse og ABC-satsinga:** Arbeidet er tett kopla til satsinga *ABC for god psykisk helse* og fleire av partnerskapsorganisasjonane jobbar målretta med implementering av denne folkehelsesatsinga i organisasjonane sine. Jf. sak: «Rapportering på arbeidet med ABC for god psykisk helse».

Vegen vidare

Erfaringane frå det første året dannar eit solid grunnlag for dei neste tre åra av partnerskapsperioden. Det vidare arbeidet vil ha særleg fokus på:

- Styrka rekruttering og varetaking av frivillige, som er sjølve beryggen i organisasjonane
- Jobbe vidare med rekrutteringsstrategi for å auke deltaking på dei ulike aktivitetane
- Vidareutvikling av felles møteplassar for erfarings- og kunnskapssdeling mellom organisasjonane og fylkeskommunen.
- Auka synlegheit for å nå ut til endå fleire

Økonomiske, administrative og juridiske konsekvensar

Vedtaket har ingen direkte økonomiske eller juridiske konsekvensar, utover at det må påreknast at det framleis blir avsett administrative ressursar til oppfølging gjennom heile partnerskapsperioden.

Konsekvensar for fylkets klimamål og FNs bærekraftsmål

Folkehelsearbeidet har mykje til felles med den sosiale dimensjonen i FNs bærekraftsmål. Både sosial bærekraft og folkehelse handlar mellom anna om å fremje ei samfunnsutvikling som set menneskelege behov i sentrum og fremjar sosial rettferd og like livssjansar for alle. Både fylkeskommune og frivilligheita legg eit slikt perspektiv til grunn for arbeidet sitt. Partnerskapet kan slik sett vere ein viktig pådrivar for å nå FNs bærekraftsmål . 1: «Utrydde fattigdom», 3: «God helse og livskvalitet», 5: «Likestilling mellom kjønna», 10: «Mindre ulikskap» og 11: «Berekraftige byar og lokalsamfunn». Bærekraftsmål 17: «Samarbeid for å nå måla» er særskilt utsett og punkt 17.17 «Stimulere til og fremje velfungerande partnerskap i det offentlege, mellom det offentlege og private og i det sivile samfunnet». Partnerskapet har ingen konsekvensar for klimamålet i fylket.

Fylkesdirektørens vurdering

Fylkesdirektøren vurderer partnerskapet som eit likeverdig og gjensidig forpliktande samarbeid mellom fylkeskommunen og dei regionale frivillige organisasjonane i partnerskapet.

Samarbeidet er basert på gjensidig respekt og tillit, tydelege avtalar og forpliktingar, og på ei forståing av at partnerskap som samarbeidsform anerkjenner frivillig sektor sin eigenverdi og autonomi.

Ordninga legg til rette for at partnerorganisasjonane kan arbeide langsiktig med eigne mål og metodar, samstundes som fylkeskommunen når viktige mål innan folkehelse, inkludering og regional utvikling.

Fylkesdirektøren vurderer at partnerskapet fungerer i tråd med intensjonane og når ei brei gruppe innbyggjarar i Telemark, inkludert prioriterte målgrupper. Erfaringane frå det første året viser at partnerskapet er ein kraftfull arena for å nå innbyggjarar som det offentlege ofte har avgrensa moglegheiter til å nå åleine.

Organisasjonane representerer ei stor breidd både når det gjeld tiltak og geografisk nedslagsfelt, og dei regionale frivillige partnerskapsorganisasjonane framstår som uunnverlege samarbeidspartnarar i arbeidet med å jamne ut sosial ulikskap og styrkje innsatsen for eit meir inkluderande Telemark. Partnerskapet gir fylkeskommunen eit særleg godt grunnlag for å omsetje folkehelsepolitiske mål til konkret og merkbar handling i kvardagen til innbyggjarane.

Vedlegg:

Samlet rapportering år 1- partnerskap med frivillige organisasjoner på folkehelsefeltet